

Tambarskjelvar IL – Styremøte 1/2020 – 25.05.2020

Tilstades: Anne Marit S. Rygg, Pål Arve Myklebust, Anne Sofie Berntsen, Siss-May Edvardsen

Fråver: Fredrik Myrvang, Håkon Svoen

Saksnr	Tema	Ev. utdyping av tema	Vedtak
1/2020	Godkjenne protokoll frå styremøte 5/2019.		Godkjent.
(14/2019) 2/2020	Ny hovudsponsor	Avtalen med DinSport går ut no i 2020. Din Sport har opsjon på reforhandling av avtalen. Partane skal aktivt prøve å bli samde om ny avtale 6 - 12 mnd før den går ut.	Siss-May avklarar opsjon med Din Sport. Siss-May ber om tilbod hjå aktuelle sportbutikkar.
3/2020	Søknad om tilskot til drift til Øyra-Løken nærmiljøanlegg på 5 000 kr, sjå vedlegg.		Vedteke samrøystes.
4/2020	Årsmøte 2020	Kan vi halde årsmøte ila juni på Kyrkjelydshuset framfor digitalt? Årsrekneskap må vere godkjent av årsmøte for å få momskompensasjon (søknad må sendast ila august).	Årsmøte vert halde på Kyrkjelydshuset 11.juni kl 18. Vi har ingen servering, maks 50 personar. Vi nyttar saksliste frå opphoveleg innkalling 13.mars.
Ymse			

Saker frå 2019 som må vidareførast/avsluttast

Saksnr	Tema	Ev. utdyping av tema	Vedtak
	Reiskapshus	Usikker status.	
	Utstyrmidler Naustdalshallen	Sjå årsmelding. Idrettslaget fekk brei støtte til innkjøp av nytt utstyr.	
	Opplæring/brukarretteiing i KlubbAdmin	Digitale kurs vert gjeve med jamne mellomrom gjennom	

		Norges Idrettsforbund. Vi oppmodar dei som skal handtere grupper i KlubbAdmin til å ta kurs.	
	Arbeid med organisasjonsplan/klubbhandbok	Arbeidet er ikkje påbegynt.	
20/2019	Brev frå NIF – Ny lovnorm for idrettslag	Idrettslaget sitt styre må sørge for at idrettslaget den 1.januar 2020 har ei oppdatert lov som er i samsvar med lovnorma.	

Vedlegg 1

6.april 2020

Tambarskjelvar Idrettslag v/Siss May Edvardsen
Bekkevegen og Reinene Velforeining v/Kurt Magne Hellenes
Ospeteigen grendalag v/Kenneth Aven
Løken Vel v/Frank Henry Solvik
Sameige Løkentunet v/Magni Håland Hommedal

Gjeld tilskot/kontingent 2020

Vi sender med dette ut oppmoding om innbetaling av tilskot/kontingent for 2020 til drift og utbygging av Øyra Løken Nærmiljøanlegg. Vi sender til dei laga som har ytt støtte. Vi treng at alle er aktivt med for å gjere ferdig anlegget, og for å utvikle det vidare. Difor ber vi om at laga som ikkje har vore aktive, avklare om dei vil halde fram med å vere medlemmer og yte ein liten skjerv til drifta og utviklinga. Vi har no vorte ferdig med turnbassenget og så smått i gang med diskolf. Arbeidet med pumptrack (sykkelområde) vil bli starta opp om ei veke eller to. Og vi prøver også å kome i gang med bygging av ballbane i haust. Spelemiddelsøknader om alle desse prosjekta er godkjende, men vi fekk ikkje midlar i år. Søknadene vert fornya komande år. Normalt får nærmiljøanlegg innvilga søknadene etter to eller tre år. Det vart søkt om om lag 500.000 kr i spelemidlar. I driftsbudsjettet for 2019 er det rekna med eit tilskot frå grendalag/idrettslag på 10.000 kr. Dette er til straumutgifter og vedlikehald/rydding. Det er lagt opp til at idrettslaget medverkar med 5000 kr og at resten vert fordelt på dei fire grendalaga som har vore med.

Summane er:

Bekkevegen og Reinene Velforeining 1500,- kr
Ospeteigen grendalag 1200,- kr
Løken Velforeining 1150,- kr
Løkentunet Sameige 1150,- kr
Tilsaman 5000 kr.

Kontingenten er rekna ut etter om lag husstandar i dei ulike laga. Ospeteigen grendalag har alt betalt inn kontingent for 2020.

Tambarskjelvar Idrettslag har representant i styret og anlegget vert nytta til ulike aktivitetar i regi av grupper i idrettslaget. Difor søker vi på nytt om tilskot. Denne gongen på 5000 kr til drifta av anlegget. Vi legg ved vedteke budsjett og arbeidsplan for 2020. Sameleis årsmelding og rekneskap for 2019 og referat frå årsmøte i 2020.

For utbygging av anleggseiningar med spelemidlar er det eigne rekneskap som vert ført av kommunen. Vi ber om innbetaling til konto 3705.06.51623.

Med helsing Øyra Løken Nærmiljøanlegg v/ Åsmund Berthelsen (leiar i styret)